

Pokaldryss til Uskedalsspelarar på fotballfesten.

15.11.2015



Frå venstre: Hans F. Zimmer, Sondre S. Myklebust(toppscorar), Marius Myklebust(Årets spelar), Håvard Sætrevik(trenar) og Hermund Døssland(mest framgangsrike).

Fotballsesongen er over. Det vart eit flott punktum med at A-laget kvaifiserte seg til opprykk til 5.divisjon etter 0 - 0 i bortekampen mot Nordre Holsnøy i går. Etter kampen bar det rett heim til den årlege fotballfesten på Rosendal Turisthotel. Der var eitt av høgdepunkta utdeling av prisar til spelarar. Blant vinnarane var 3 unge lovande uskedelingar.

Sondre S. Myklebust(16 år), Marius Myklebust (16, snart 17)og Hermund Døssland(18) har, trass i sin unge alder, vore markante spelarar på Rosendals-laget gjennom heile sesongen. Dette viste tydeleg att då sesongen vart oppsummert, og dei spelarane som hadde utmerka seg mest, skulle heidrast. Alle tre kunne motta velfortente heidersteikn.

Marius Myklebust vart heidra som årets spelar. Hemund Døssland vart kåra til årets mest framgangsrike spelar, og Sondre S. Myklebust var med sine 22 mål årets suverene toppscorar. Ingen tvil om at denne trioen har vore viktige for opprykket. Dei har alle hatt ein fantastisk sesong.

Elles har også Kristoffer Rød, Hans Fredrik Zimmer og Torbjørn Steinsvik spelt kampar for opprykkslaget.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Ragnvald Myklebust